

Høyringsuttale til ny tannklinikk-struktur

Radøy kommune ber fylkespolitikarane avvisa strukturplanen for tannklinikk-tenesta slik den føreligg, og at Tannklinikken på Manger vert oppretthalden og styrkt.

Radøy kommune kritiserer Hordaland fylkeskommune ved at den tilnærminga administrasjonen legg opp til ikkje er i samsvar med Fylkeskommunen sin visjon om å utvikla Hordaland-samfunnet saman med kommunane. Me meiner at administrasjonen bommar kapitalt ved at høyringsdokumentet synest å ha som mål å optimalisera fylkeskommunen sin økonomi på tannklinikkstrukturen. Radøy kommune meiner at fylkeskommunen skal søkja å optimalisera velfungerande lokalsamfunn, der tannklinikkanne vert nytta som verkemiddel for at det ikkje vert unødig reisetid til tannklinikkanne.

Radøy kommune er villig til å strekkja seg endå lenger i å tilretteleggja lokala i Helsehuset på Manger, der tannklinikken er med og sikrar eit heilskapleg helsetilbod for innbyggjarane våre. Subsidiært ber me fylkespolitikarane om å utsetja vedtak om tannklinikkstruktur i Nordhordland til etter at kommunereforma med eventuelle samanslåingar er kjent. Dersom det vert ein eller fleire større kommunar i Nordhordland må tannklinikk vurderast som ei kommunal oppgåve. For Nordhordland sin del vert det også feil å forskottera romsituasjonen i Helsehuset, sjølv om me er positive til planane om at ein tannklinikk i Knarvik kan verta fylket sin nest største offentlege klinikk med 18 behandlingsrom.

Subsidiært ber me også fylkeskommunen utgreia ei ordning med ambulerande tannpleiarar og/eller oppretthalda tannpleiaretenesta ved noverande tannklinikkar, slik at ein sikrar å vidareutvikla den vellukka profylaksetenkinga innan tannhelsa. Me ber også om at det vert vurdert om ein på Manger kan kombinera dette med eit samarbeid med dei private tannlegane for målgruppa for den offentlege tannhelsetenesta.